



Fagrådet – REFERAT

Føremål: Fagrådet

Møtetid: Torsdag 13. september 2018, kl 10.00 – 14.00

Stad: Førde Sentralsjukehus - Møterom 4 (Adm, 2. etg)

Møteleiar: Mads Rekve

Deltakarliste:

Namn:	Tittel:	Eining:	Fråver:
Mads Rekve (Leiar)	Avdelingssjef/Leiar I Fagrådet	Helse Førde HF	
Toril Varden	HMS- og kvalitetssjef	Høyanger kommune/Sogn	X
Hilde Tenold (Vararepr. for Varden)	Rådgjevar	Pleie og omsorg Vik kommune	
Kristine Brix Longfellow (Kjem ikkje vararepr.)	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	X
Signe Nordvik (Vararepr. for Longfellow)	Fungerande klinikkdirktør Medisinsk Klinikk	Helse Førde HF	Fram til lunch
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/ Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/Sunnfjord	X
Kjell Idar Dvergsdal (Vara for Bruland)	Helse- og sosialsjef	Gaula kommune/Sunnfjord	Blir med til kl. 12.15
Kjersti Valvik	Tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/HAFS	
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Tom Guldhav	Direktør	Kirurgisk Klinikk	
Margun Thue	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	X
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF	Deltar på video
Laila Haugland	Avdelingssjef	Helse Førde HF	Deltar på video
Anne Stubdal	Praksiskonsulent	Stryn kommune/Helse Førde HF (observatør)	
		Flora kommune/ Helse Førde	



Normund Svoen	Praksiskonsulent	HF (observatør)	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent	Sogndal kommune/ Helse Førde HF (observatør)	X

Nr:	REFERAT:
21/18	<p>Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste</p> <ul style="list-style-type: none">• «<i>Endringar i mannskapet</i>» <p>Toril Varden sluttar i Fagrådet. Samhandlingskoordinator arbeider med ein erstattar for Varden.</p> <p>Tom Guldhav erstattar Trine Vingsnes som deltakar frå Kirurgisk klinikk.</p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Ny leiar frå november</i> <p>Randi Ytrehus ny leiar frå novembermøte. Mads Rekve innleier møtet i november, Randi Ytrehus tek over ved neste sak.</p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Oppfølgingssaker frå forrige møte</i> <ol style="list-style-type: none">a) Sak om Allmenlegar med eit år praksis i sjukehus i samband med allmenlegespesialisering er utsett til vårsemesteret. Men signalet om at ein føretrekker å forsette med dagens praksis, er gjeve i møtet i dag.b) Sak om honorering av legar som deltar i prosjekt. Sjå sak 26 i dag.c) Fagleg innlegg av Hilde Tenold sitt mastergradsarbeid i møte i Fagrådet: «Kva skal til for at distriktskommunar skal lykkast med kommunalt akutt døgnopphald? - Ein kvalitativ studie av samhandling, engasjement, kunnskap og kompetanse innan kommunalt akutt døgnopphald». Innlegg under sak 24 i dag. <ul style="list-style-type: none">• <i>Plan for møtet i dag</i> <p>Sakslista vert gjennomgått. Nokre små rokeringar vert godkjent.</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakslista vert godkjent. Informasjonen vert teke til vitande.</p>
22/18	<p>Godkjenning av referat frå møte 01.03.18</p> <p>Vedtak: Referat frå 01.03.2018 vert godkjent utan merknadar.</p>



23/18	<p>Presentasjon av interkommunal samhandlingskoordinator - Orientering om «funksjon og person» v/ Elin Sørbotten</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved referatet fra dagens møte.</i></p> <p>Kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva skal Elins rolle vere i Fagrådet? Kontaktperson opp mot kommunane når det gjelde saker som rører seg.- Korleis skal Elin rapportere tilbake til kommunane? Elin lager ein årsplan for å gje oversikt over oppgåvane hennar. Elles lager Elin mange av referata frå helse- og omsorgsfora sjølv, som vert send ut til kommunane.- Kan vere ei rolle som praksiskonsulentane, som er observerande?- Rolla som samhandlingskoordinator i Fagrådet må avklara formelt i Koordineringsrådet, mellom partane. Rolleavklaring kan ikkje uttale Fagrådet seg om. Spørsmålet om interkommunal samhandlingskoordinator som fast medlem i Fagrådet blir handsama i Koordineringsrådet 27.09.18. <p>Vedtak:</p> <p>Fagrådet tek informasjonen til vitande, og ynskjer Elin-Therese Sørbotten lukke til i denne viktige og framtidsretta funksjonen.</p>
24/18	<p>«Kva skal til for at distriktskommunar skal lykkast med kommunalt akutt døgnopphald? - Ein kvalitativ studie av samhandling, engasjement, kunnskap og kompetanse innan kommunalt akutt døgnopphald». v/ Hilde Tenold</p> <p><i>Presentasjonen ligg som vedlegg til referatet fra dagens møte.</i></p> <p>Vedtak:</p> <p>Fagrådet takkar for viktige innspel og gode refleksjonar knytt til ordninga med kommunalt akutt døgnopphald.</p>
25/18	<p>Orientering frå praksiskonsulentane v/Anne Stubdal og Normund Svoen</p> <ul style="list-style-type: none">- I juni har praksiskonsulentane besøkt nasjonal praksiskonsulentkonferansen. Tema var m.a. framtidig praksiskonsulent.- Involvert i pakkeforløp i Psykiatri, Helse Førde skal tilpasse systemet sitt ift det.- Involvert i prosjekt Telemedisin.- Internettseite for praksiskonsulentane vert vist i møte. T.d. samhandlingskursa ligg på



	<p>denne sida. Normunn Svoen er nettredaktør.</p> <ul style="list-style-type: none">- Status på arbeidet med Diabetes I hos barn, metode for behandling, samarbeid fastlegar og spesialisthelseteneste (barneavdelinga i Helse Førde).- Status på arbeidet med køfrie telefonsamtalar med fastlegekontoret til spesialistar. <p>Diskusjon kring arbeidet med køfrie telefonsamtaler:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva er behovet frå fastlegane innover? Dette spørsmålet bør takast med i arbeidet.• Ein køfri telefonliste må ikkje ligge åpent for alle.• Viktig for samarbeidet mellom Helse Førde og fastlegekontorane.• Det skal lagast eit system, ikkje kvar avdeling som har ei «heimelaga» liste.• Det vert ikkje opplevd at den lista vert misbrukt.• Kommunalsjefane må melde inn til fastlegekontorane om prosedyre og lista.• «Spesialnumrar» er ofte festa i ei delavtale.• Forslag om å lage ei lenke til lista på intranettsidene til Helse Førde, og vice versa på nettsidene til kommunane.
26/18	<p>Vedtak:</p> <p>Orienteringa vert teke til vitande.</p> <p>Merknad til vedtak:</p> <p>Fagrådet gjev bestilling til praksiskonsulentane om ein orientering om «Barn med diabetes» til neste møte.</p> <p>Samhandlingskoordinator handsamar saka om «Køfri telefonliste» vidare i kommunal samanheng.</p> <p>Samhandlingssjef handsamar saka om «Køfri telefonliste» vidare i Helse Førde.</p> <p>Godtgjering av allmennlegar som deltek i utviklingsarbeid v/ Anne Stubdal</p> <p>Kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ynskjeleg med diskusjon om kven som har det økonomiske ansvar for deltaking i prosjekt.- Ein arena som kan ta ein slik diskusjon vert etterlyst.- Skal kommunane bere kostnadane for deltakande legar samla?- Når ein lagar mandat, kan det avklarast kven som skal ha det økonomiske ansvaret.- Helse Førde skal ikkje legge seg opp i korleis kommunane skal løyse dette spørsmålet.



	<ul style="list-style-type: none">- Ikkje alle prosjekt behøver deltaking frå kommunesida.- Kva er fordelingsnøkkelen? Kven er motparten for Helse Førde?- KS bør ta ein ny prosess på det.- Viktig at diskusjonen blir tatt før avtalen blir inngått. <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Framlegg blir sendt ut til kommunane slik det ligg føre.2. Samhandlingskoordinatoren samlar innspel til saka frå kommunane og tek desse attende til Fagrådet.3. Fungerande samhandlingssjef i Helse Førde HF syter for handsaming i eiga føretaksleiing, og i Avtaleutvalet.4. Dette vedtaket erstattar vedtaket i forrige utkast til referat.
27/18	<p>Utfordringar knytt til å få til videomøter mellom representantar frå helseføretaket og fastlegar.</p> <p>Innleiing v/ Are Mikael Lillebø & Jarle Øen</p> <p>Diskusjon kring utfordringar:</p> <p>Lillebø v/ smertepoliklinikken i Helse Førde: I behandlingsmetoden er det inkludert eit møte med ulike partar, med videooverføring. Partane får ein brukarrettleiing og ein PINkode.</p> <p>Det vert diverre ofte til berre eit telefonmøte, fordi nokre legekontor ikkje får det til.</p> <p>Øen v/arbeidsgruppe Telemedisin orienterar m.a. om moglegheiter, utfordringar og kostnadars som er knytt til dei ulike videomøteløysningars.</p> <p>Utfordringar vert opplevd både mellom kommunane og Helse Førde, men også inn att Helse Førde, og mellom ulike helse og omsorgstenester i kommunane.</p> <p>Årsaken er som oftast mangel på rutine/kompetanse.</p> <p>Kva takst skal det brukast når fastlege snakker med spesialist? Til tverfaglige møter kan det brukast takst 14, unntak konsultasjonar.</p> <p>Det vert oppretta ei superbrukargruppe på 10 personar i Helse Førde. Dette er ein av 16 innsatsområde for arbeidsgruppe for Telemedisin. Praksiskonsulentane og Øystein Vatne skal vere med og vere ressurspersonar for kommunane.</p> <p>Det skal også kome ressurspersonar, superbrukarar for andre kommunale tenester i helse og omsorg, t.d. heimetenesta.</p>



	<p>Viktig å få med kommunale IKT-medarbeidarar i superbrukar. Kommunale helse – og omsorgssjefar må vere viktige støttespelarar.</p> <p>Jarle Øen og Are Mikael Lillebø vert bede om ei statusoppdatering i Fagrådet, våren 2019.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Fagrådet oppmodar til bruk av Telemedisinløysingar, og tilrår at brukarstøtte vert lært opp for å støtte kommunale tilsette.</p>
28/18	<p>Prosjekt «Barn som pårørande» - Spørsmål om utarbeiding av samhandlingsrutiner i høve barn som har foreldre med alvorleg sjukdom og som følgje av dette treng ekstra oppfølging.</p> <p>v/ Kari Furevik (Kjellaug Berntsen)</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved referatet for møtet.</i></p> <p>Kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Her må eit utviklingsarbeid i kommunale helseteneste til, i form av ei arbeidsgruppe, slik at den rutinen kan takast i bruk. Helsepersonell har ansvar for å ta i bruk rutinen.- Samhandlingssjef viser til den lovpålagde funksjonen koordinerande eining , som pr. definisjon skal syte for at ansvar/sak blir fordelt til rett kommunal instans.- Piloten bør også utgreie om omgrep er tydelege nok for alle partar.- Fagrådet kan sende ut til høyring. <p>Vedtak:</p> <p>Fagrådet tilrår:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Saka blir utsett.2. Interkommunal samhandlingskoordinator sender saka til uttale i kommunane, og samlar tilbakemeldingane til neste møte i Fagrådet.3. Dette vedtaket erstattar vedtaket i forrige utkast til referat.
29/18	<p>Erfaringskonferansen 2019 – Dato & samansetnad av programkomiteén v/ Jan Helge Dale & Stig Igland</p>



	<p>Vedtak: Saka gjekk ut, pga tidsmangel.</p>
30/18	<p>Samhandlingsavvik v/Irene Barmen Hoel</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved referat frå dagens møte.</i></p> <p>Irene Barmen Hoel går gjennom eit utval av innmelde samhandlingssaker.</p> <p>Nokre tema, der polititenester er ynskjeleg, vil bli teke opp på Samhandlingsforum for akuttmedisin, i morgen, 14.09.2018.</p> <p>Vedtak: Fagrådet tek orienteringa til vitande.</p>
31/18	<p>Aktuelle saker til neste møte</p> <p>Vedtak: Saka gjekk ut, pga tidsmangel.</p>
32/18	<p>Evaluering av møtet v/ leiar Mads Rekve</p> <p>Vedtak: Saka gjekk ut pga tidsmangel.</p>

	Sende lenke med varadeltakarar for Fagrådet	Stig
	Presentasjon frå Jarle Øen til referatet	Gitta
	Status Telemedisin – sak vår 2019	Stig